

Held fram minst ei veke til

11.11.2012



Dei held fram minst ei veke til

Songevangelistane Marit og Irene avslutta i kveld møteveke nummer 3 i Uskedalen, men dei stoppar ikkje no. Dei vil ha minst ei veke til fordi oppslutnaden er så stor. Med eit snittbesøk på minst 70 også den siste veka er det grunn til å tru at samla besøk har passert 1400. Ikvel var det meir enn 90 i kyrkja.

Dei 2 har tradisjon for at dei held det gåande når besøket held fram i dette omfanget. I Ålesund-området på 1980-talet hadde dei møter på same staden i 3 månader. Og i 1981 var dei i Rosendal i 2 månader.

- Desse møtene har tydelegvis gjort noko med kristenfolket i bygdene våre, seier møteleiar Tormod Myklebust til uskedalen.no
Han og songevangelistane nyttar begrepet fornying når dei skal gje det som har skjedd ei overskrift.
- Vi har no erfart at Ordet framleis har kraft også på våre kantar,' seier Myklebust.

Marit og Irene har saman vore på farten for misjonen i 38 år men dei svarar slik når vi spør om dei ikkje har vorte lei kvarandre:
-Dei som har bruk for kvarandre vert ikkje lei kvarandre.
Men dei legg til at dei også har eit bønefellesskap.

Det store engasjement folk legg for dagen kjem også til uttrykk i kollekten utan at møteleiinga ynskjer å offentleggjera nokon sum.

Marit og Irene gjev også uttrykk for takksemd over at folk i bygda er så flinke til å visa omsorg og leggja alt til rette for møta sjølv om dei då kanskje må forsaka andre viktige gjeremål.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen